



Lars-Henrik Skogtun takkar av som leiar, men syng vidare i Røysterett for alle. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Lars-Henrik Skogtun frå Herøysund takka under årsmøtet på Helgheim torsdag kveld av som leiar for Røysterett for alle.. Han gjorde det etter det som i årsmeldinga blir kalla "eit forrykande år med Maria som ein tornado i spissen for koret".

Dirigent Maria Malmsten får også fleire godord i årsmeldinga. I samband med at koret fekk strålende kritikkar etter nyttårskonserten i Rosendal får Maria "ein takk for at ho har losa oss fram til denne og andre sigar".

Til uskedalen.no seier Skogtun at han finn det naturleg at "andre får ta eit tak" etter at han har vore leiar i fire år. – Arbeidet i koret må fordelast og eg har for min del også andre interessar som eg vil ta meg av, seier Skogtun. Han har sunge i koret sidan 1989 og har slett ingen planar om også å takka for seg som medlem.

Det vart ikkje vald nokon ny leiar under årsmøtet, men noko leiar-krise er det neppe i koret. I det nye styret sit Venke Vetrhus, Oddveig Blomdal Rørvik, Anne C. Bogegård, Steinar Naterstad og Svein Rimestad. Styret skal konstituera seg sjølv og resultatet "konfirmerast" av eit medlemsmøte.

Ved årsskiftet hadde Røysterett for alle 37 medlemmer. 2008 blir sikkert eit nytt "forrykande år" ettersom koret no rundar sine første 20 år. Det blir jubileumsforestilling i Husnes 29. mars og jubileumstur til Latvia frå 17. til 21. april.

Rekneskapen for koret for 2007 hadde eit overskot på 5.000 kroner.

Av Ola Matti Mathisen